



KPA ALVER

METODE GROVSILING AV

AREALINNSPEL

Vedtatt metode for grovsiling av arealinnspelel.

Bakgrunn

Metode for grovsiling var oppe til vedtak i politisk styringsgruppe 14. desember 2022 og 22. mars 2023. Politisk styringsgruppe vedtok i metene å gje sin tilslutning til metode for grovsiling av arealinnspelel. Kriteria for fase 1 vart vedtatt 14. desember 2022. I politisk styringsgruppe 22. mars 2023 vedtok styringsgruppa kriteria for fase 2. I tillegg vedtok politisk styringsgruppe eit nytt kriterie knytt til fritidsbustad 14. juni 2023.

Framlegg til metode for grovsiling av arealinnspelel

Det er utarbeida ein metode som omtaler korleis vi på ein transparent og etterprovbar mate vil vurdere innspel etter eit silingsprinsipp. Framlegg til metode for grovsiling av arealinnspelel sikrar at innspel som likevel ikkje vil kunne takast med i planen, vert silt vekk tidleg i prosessen.

Kriteria i fase 1 er særleg knytt opp mot nasjonale og regionale foringar for arealplanlegging, til dømes med kriterium knytt til fareomrader.

Kriteria i fase 2 er utforma for å sikre ei heilskapleg og tverrfagleg vurdering av om innspela er i tråd med foringar frå samfunnsdelen og planprogrammet til arealdelen. For å vise koplinga opp mot samfunnsdelen og planprogrammet til arealdelen er det lagt inn relevante mål og foringar i tabellen, i kolonnen «Bakgrunn».

For alle kriteria vil det vere ei fagleg vurdering av om innspelet vert silt heilt vekk, eller om innspelet sin avgrensing vert justert for å unngå den delen som vert råka av eit kriterium.

Konklusjonen av grovsilinga av arealinnspelel frå fase 1 og 2 vert langt fram for politisk styringsgruppe når arbeidet er gjennomført. For dei innspel som vert tilrådd silt vekk, vert det vist ei oversikt over kva kriterium som ligg til grunn for å sile vekk innspelet. Innspel som vert silt ut i fase 1 vert ikkje vurdert i fase 2.

Det er utarbeida eit arbeidslag i Nordhordlandskart for gjennomforing av silinga. Kvart arealinnspelel er kopla til eit skjema. I skjema skal vurderingane opp mot fastsette kriterium dokumenterast. For fase 1 er det ein nedtrekksmeny kor ein kan huke av viss innspelet råker eit eller fleire av kriteria. Til slutt er det ei samla vurdering av om innspelet vert tatt med vidare, vert silt ut eller at ein tilrår å justere avgrensing av innspelet.



Tabell 1 Fase 1 Vedtatt i politisk styringsgruppe 14. desember 2022

FASE 1 GROVSILING AV INNSPEL			
INNSPEL SOM LIGG INNANFOR EIT ELLER FLEIRE AV KRITERIA VERT SILT VEKK			
NR	KRITERIUM	BAKGRUNN	KJELDER
1	Innspel i områder det ikkje er opna for innspel.	Planprogrammet, kap. 5.1. har fastsett kva områder det ikkje er opna opp for innspel innanfor.	Kartlag med avgrensing av områda.
2	Innspelet ligg innanfor fareområder for ras, flaum og skred.	Hovudmål i samfunnsdelen: «Innbyggjarane i Alver har god livskvalitet, trygge oppvekstvilkår og god helse». Planprogrammet kap. 5.3 (tabell 5): «Er arealet egna for utbygging?: omsyn til terrengtilhøve, fareområder, naturfare (..) og omsyn til beredskap og samfunnstryggleik».	Kartlag GeoNorge: <ul style="list-style-type: none">• Flom aktsomhetssoner langs elver og vassdrag• Steinsprang aktsomhetsområder• Snøskred aktsomhetsområder• Jord- og flomskred aktsomhetsområder
3	Kjerneområde landbruk – siling gjeld for innspel på større bustadfelt og næring.	Mål i samfunnsdelen: «Alver sikrar naturverdiar og naturmangfald, og tek vare på verdifulle kulturlandskap, kulturmiljø og landbruks- og friluftsområde». Vegval i samfunnsdelen: «Vi skal ta vare på biologisk mangfald og ha eit sterkt jordvern, og aktivt forvalte verdifulle område».	Fagleg vurdering opp mot kartlag for kjerneområde landbruk og jordbruksareal i AR 5.
4	Ta vare på svært viktige friluftsområde: A områder og statleg sikra friluftsområde.	Delmål i samfunnsdelen: «Innbyggjarane og besøkande i Alver nyttar naturen til fritid og rekreasjon».	Fagleg vurdering opp mot kartlag friluftsområde og Naturbase.
5	Vassmiljø – verna vassdrag – siling gjeld for innspel på større utbyggingsområder.	Planprogrammet kap. 5.3 (tabell 5): «Er arealet/tiltaket i konflikt med viktige verneinteresser og/eller kvalitetar?: (..) vassmiljø (..)».	Fagleg vurdering opp mot kartlag; nedslagsfelt og kartvedlegg i forvaltningsplan, verneplan for vassdrag. Rylandselva (Storavatnet) og Eikefetelvi
6	Drikkevasskjelde, inklusiv nedslagsfelt, for sårbare drikkevasskjelder.	Planprogrammet kap. 5.3 (tabell 5): «Er arealet/tiltaket i konflikt med viktige verneinteresser og/eller	Fagleg vurdering opp mot kartlag. Omsynssone drikkevatt er delt inn i sårbare og



		kvalitetar?: (..) drikkevattn (..)».	mindre sårbare drikkevasskjelder.
7	Viktige naturverdiar og naturmangfald: verna områder (etter naturvernlova eller naturmangfaldlova).	Delmål i samfunnsdelen: "Alver sikrar naturverdiar og naturmangfald, og tek vare på verdifulle kulturlandskap, kulturmiljø og landbruks- og friluftsområde".	Kartlag GeoNorge: Naturvernområder, inkludert båndlagte areal. Kartlag forskrift om utvalde naturtyper. Omsynssone naturmiljø i eksisterande planar.

Kriterium 8, for større myrområder i fase, 1 er tatt ut, etter vedtak 14. desember 2022. Årsaka er at kjeldegrunlaget for vurdering ikkje er på plass. Omsyn til myr vil vere tema i konsekvensutgreiinga.

Tabell 2 Fase 2

FASE 2 GROVSILING AV INNSPEL			
INNSPEL SOM LIGG INNANFOR EIT ELLER FLEIRE AV KRITERIA VERT SILT VEKK			
NR	KRITERIUM	BAKGRUNN	KJELDER
1	Vurdering av behov.	Delmål i samfunnsdelen: «Vi skal utvikle heile kommunen, og leggje til rette for utbygging og spreidd busetnad utanfor senterområda». Frå planprogrammet kap. 4.4 (Arealregnskap): «Rapporten «Arealreserver i Alver kommune» viser at Alver har store reservar av både regulert og uregulert areal innan dei fleste arealføremål». Planprogrammet kap. 5.3 (tabell 5); «Er det ledig kapasitet på areal med same arealformål i rimeleg nærleik?»	Fagleg vurdering. Områdevis vurdering.
2	Innspele innanfor områder med gjeldande reguleringsplan.	Slik endringar må gjerast som ei endring av gjeldande reguleringsplan. Døme: hovudføremål i KPA er likt med innspelet, men arealet er avsett til eit anna underføremål i reguleringsplan (avsett til bustad i KPA, regulert til leikeplass eller friområde i reguleringsplan).	Planregisteret. Alle planar har omriss i Nordhordlandskart.
3	Ta vare på kvalitetar i sentra; døme grøntområder, grøntkorridorer, friområder, areal for	Delmål i samfunnsdelen: «Vi skal ha inkluderande møteplassar og ta vare natur og friluftsområde i og rundt sentra».	Planregisteret. Alle plannivå. Fagleg vurdering.



	barn og unge og leikeplassar.	Delmål i samfunnsdelen: «Vi skal utvikle gode bu- og nærmiljø for dei som bur og lever i sentra».	
4	Nye bustadområder skal bygge opp om eksisterande bebygde areal eller ligge innanfor lokal vekstsone.	Delmål i samfunnsdelen: «Nye bustader, handel, tenestetilbod og kontorarbeidsplassar er i stor grad lokalisert i definerte senter». Prinsipp i samfunnsdelen: «Vi skal vidareutvikle, og byggje på eksisterande bustadområde, framfor å etablere nye bustadområde på ubebygde areal». Planprogrammet, kap. 4.1.: Prinsipp for utvikling av sentera: «Vi skal definere kva som skal vere lokal vekstsone for kvart senter for å hindre utflyting og sikre at nye utbyggingsområde kjem innanfor vekstsona». Planprogrammet, kap. 4.1.: Bustader og bumiljø med kvalitet. Opplisting av kvalitetskrav ved utbygging av nye, større bustadområder.	Arealreserven i området. Fagleg vurdering.
5	Bustadbygging (gjelder arealføremål bustad) utanfor sentra skal støtte opp om bygdene og grendene	Vegval i samfunnsdelen: «Vi skal leggje til rette for bustadbygging som støttar opp om bygdene og grendene i heile kommunen». Prinsipp i samfunnsdelen: «Vi skal vidareutvikle, og byggje på eksisterande bustadområde, framfor å etablere nye bustadområde på ubebygde areal». Planprogrammet kap. 4.1.: Utvikling av bygdene og grendene: «Utvikling av bygdene skal følgje prinsippa om å samle tenester og tilbod slik som i sentra» (...) «Når ny utbygging støtter opp om bygdene, vert grunnlaget for eksisterande og nye funksjonar i bygdene oppretthalde (skule, forretning, kultur- og idrettsaktivitetar)».	Offentleg- og privat tenesteyting, servicetilbod, skule- og barnehage, lokal kunnskap. Fagleg vurdering.



6	Ta vare på jordbruksareal	<p>Delmål i samfunnsdelen: «Alver sikrar naturverdiar og naturmangfald, og tek vare på verdifulle kulturlandskap, kulturmiljø og landbruks- og friluftsområde».</p> <p>Vegval i samfunnsdelen: «Vi skal ta vare på biologisk mangfald og ha eit sterkt jordvern, og aktivt forvalte verdifulle område».</p>	Jordbruksareal utanfor kjerneområde landbruk. Kjelde kartlag AR 5.
7	Ta vare på viktige friluftsområde: B områder	<p>Delmål i samfunnsdelen: «Innbyggjarane og besøkande i Alver nyttar naturen til fritid og rekreasjon».</p>	Fagleg vurdering. Kjelde kartlag viktige friluftsområder i Alver.
8	Ta vare på større, samanhengande skogsområder (karbonrike areal)	<p>Vegval i samfunnsdelen: «Vi skal leggje til rette for eit aktivt skogbruk».</p>	Fagleg vurdering.
9	Naustområder som skal vurderast må oppfylle kvalitetskrav i planprogrammet	<p>Delmål i samfunnsdelen: "Innbyggjarane i Alver nyttar sjøen, kysten og sjønære område til fritid og rekreasjon".</p> <p>Vegval i samfunnsdelen: "Vi skal sørge for ei berekraftig utvikling av strandsona".</p> <p>Delmål i samfunnsdelen: "Alver sikrar naturverdiar og naturmangfald, og tek vare på verdifulle kulturlandskap, kulturmiljø og landbruks- og friluftsområde".</p> <p>Prinsipp i samfunnsdelen: "Vi skal ha berekraftig arealbruk og forvaltning av kyst og sjø, og legge til rette for verdiskaping i sjøområda".</p> <p>Planprogrammet kap. 5.4 (tabell 6): "Naustområder som skal vurderast i planarbeidet må oppfylle følgjande kvalitetskrav: tilkomst med bil, parkering i gangavstand, tilhøve for gåande og syklende og tilgang for ålmenta i naustområde".</p>	Fagleg vurdering. Områdevurdering.
10	Småbåthamn som skal vurderast må oppfylle kvalitetskrav i planprogrammet	<p>Delmål i samfunnsdelen: "Innbyggjarane i Alver nyttar sjøen, kysten og sjønære område til fritid og rekreasjon".</p>	GIS-analyse på konflikt med fiskeri, farlei, og akvakultur, offentleg infrastruktur.



		<p>Vegval i samfunnsdelen: "Vi skal sørge for ei berekraftig utvikling av strandsona".</p> <p>Delmål i samfunnsdelen: "Alver sikrar naturverdiar og naturmangfald, og tek vare på verdifulle kulturlandskap, kulturmiljø og landbruks- og friluftsområde".</p> <p>Prinsipp i samfunnsdelen: "Vi skal ha berekraftig arealbruk og forvaltning av kyst og sjø, og legge til rette for verdiskaping i sjøområda".</p> <p>Planprogrammet kap. 5.4 (tabell 6): "Småbåthamner som skal vurderast i planarbeidet må oppfylle følgjande kvalitetskrav: tilkomst med bil, parkering i gangavstand, tilhøve for gåande og syklende og tilgang for ålmenta".</p>	<p>Fagleg vurdering. Områdevurdering.</p>
11	Nye fritidsbustadområder skal bygge opp om eksisterande fritidsbustadområder	<p>Prinsipp i samfunnsdelen: "Vi skal vurdere potensiale for fortetting, utviding og transformasjon av eksisterande bygde areal, før vi opnar for utbygging av nye områder".</p>	<p>Fagleg vurdering.</p>